



Dette er ungdomslagsfana i Uskedalen, som Tor H. Myklebust har utforma

I 15 år arbeidde Asbjørn Thomassen (1938-2013) med boka om fanene i den frilynde ungdomsrørsla. Han opplevde ikkje å sjå verket fullført, men det har Liv Marit Idsø gjort på framifrå vis og no ligg dette kulturhistorisk viktige arbeidet føre i ei bok på 335 sider. Sjølv sagt har det sine manglar - vi saknar atskillige fanar frå ungdomslaga - men verket er imponerande i seg sjølv.



Den eine fana til Omvikdalen-laget er laga av ein engelsk kunstnar

Og sett gjennom lokale briller er det tilfredsstillande, med attgjeving av både dei 2 fanane til Omvikdalen Ungdomslag og den eine til Uskedal Ungdomslag.

Den eine til nabolaget vårt er svært medteke av tidas tann men den andre held stand på Dalheim og er spesiell fordi den er laga av ein engelsk kunstnar som budde mange somrar i bygda. Clement Oswald Skilbeck var svært interessert i den norske bondekulturen og døme på kunsten hans er også å finna i Kvinnherskyrkja og andre stader.

Fana frå 1988 til vårt eige ungdomslag er - vi hadde nær skreve sjølvsagt teikna av Tor H. Myklebust og den har Ulvanåso i fokus, innramma av ein stor U. Bak fjellet renn sola og Tor har henta inspirasjon i songen Det dagast i Noreg. Diverre er namnet på fjellet feilstava.

Boka om fanane har vorte noko meir enn berre ei billedbok - ho er langt på veg ei opplysningsbok om ei rørsle som har betydd mykje for mange - og ikkje berre i oppveksten. Det fyrste laget vart skipa i Sel i Gudbrandsdalen i 1868 - det var 20 år før laget kom her i Uskedalen. Og utruleg nok har det vore 2500 frilynte lag som har kome og gått opp gjennom åra. Difor er faneboka noko langt meir enn ei smal og sær bok.

Ideane og aktivitetane vert spegla i fanene både i motiv og tekst og for laga var det ei prestisjesak å få fane. Det har eg sjølv opplevd. Det var viktig å markera kor ein kom ifrå og kva ein dreiv med sjølv om det kanskje gjekk hardt utover ei skranten lagskasse.

Boka har også interessante og djuptpløyande artiklar om utviklinga i biletspråket i fanane og om kva ei fane fortel.

Forfattar Idsø konkluderar med at ho med dette prosjektet har hatt gleder av å gå gjennom ein stor kulturhistorisk skatt. Og faneproduksjonen er ikkje stoppa - så seint som i 2004 vart det måla ei ny fane på Kongsberg.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen